



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 12.12.2019

Klokka 12.00 – 17.00

Stad: Kommunestyresalen, Eidfjord kommunehus

Til stades:

Eidfjord kommune: Ordfører Anders Vatle
Granvin herad: Ordfører Ingebjørg Winjum
Jondal kommune: Ordfører Jon Larsgard
Odda kommune: Ordfører Roald Aga Haug
Kvam herad: Ordfører Torgeir Næss
Ullensvang herad: Ordfører Solfrid Borge
Ulvik herad: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen - Rådsordfører
Hardangerrådet iks: Styreleiar Toralv Mikkelsen
Rådmannsforum: Rådmann Anita Hesthamar
Administrasjonen: Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude Rinaldo

Agenda:

12.00 – 17.00 Sakshandsaming

Orienteringar:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:

Solfrid Borge

Jon Larsgard

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

Saker til handsaming:

HR-sak 47/19 Saker innmeldte ved starten av møtet.

Vert tatt opp under sak 52/19.

- Hordalandsbenken på besøk til Hardangerkommunane februar/mars 2020
- Bu museum
- Fylkeskommunen sin bruk av konsesjonskraftinntekter
- Endring av møteplan 2020 for Hardangerrådet
- Funksjonstid for ordførarar som sit i rådet for Hardanger og Voss Museum

HR-sak 48/19 Meldingar

Turistbåtruta på Hardangerfjorden.

Rådet ønskjer sak i 2020 vedr. utvikling og nye produkt knytta til denne ruta.

Det er eit uttalt mål å gjera denne ruta heilårleg.

Vedtak:

Meldinga vart teken til vitande.

- HR-sak 49/19 Uttale vedr. Kraftskatteutvalgets rapport. Orientering ved styreleiar i LVK Torfinn Opheim Drøfting med Torfinn Opheim og Terje Breivik.**
Torfinn Opheim, LVK orienterte om innhald i Kraftskatteutvalet sin rapport og konklusjonane i denne.
Terje Breivik orienterte om korleis saka står politisk i Stortinget.
- HR-sak 50/19 Strategiplan for vidare regionalt samarbeid.**
Referat frå møte 19.11. på Solstrand vart drøfta. Referatet manglar omtale av korleis ein evt. tek inn kommunar som ikkje er tilknytta regionråd, t.d. Bjørnafjorden, Samnanger og Vaksdal i den vidare prosessen.

Hardangerrådet ønskjer å ta initiativ til eit fellesmøte med Sogn regionråd og Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Det vil vera naturleg etter interne avklaringar i rådet å gjennomføra dialogmøte for å få informasjon om kva tankar dei øvrige regionråda har om framtida for regionråda.

Vedtak:
Hardangerrådet sender invitasjon til Voss herad om avklaringar rundt den vidare prosessen for nytt regionråd Hardanger/Voss.
- HR-sak 51/19 Hardingtinget 2020 - Program**
Rådet drøfta om eksterne aktørar/samarbeidspartnarar bør inviterast til Hardingtinget 2020.

Vedtak:
Hardingtinget 2020 skal ha besøksforvaltning og besøksstrategi som hovudtema.
- HR-sak 52/19 Orientering- og drøftingssaker.**
- Hordalandsbenken på besøk til Hardangerkommunane februar/mars 2020
 - Hordalandsbenken program alternativ
 - Bu museum
 - Brev frå Adv. Harris vart referert. Astrid Røte har gjennom sin advokat bede om at det vert gjort konkrete handlingar ift. Bu museum. Eigarkommunane svarar ut brevet frå adv. Harris
 - Fylkeskommunen sin bruk av konsesjonskraftinntekter
 - Rådet ønskjer at det vert førebudd eit møte med Vestland fylke for å drøfta denne problemstillinga.
 - Endring av møteplan 2020 for Hardangerrådet
 - Møtet 23. januar vert endra til 22. januar.
 - Funksjonstid for ordførarar som sit i rådet for Hardanger og Voss Museum. Hardangerrådet oppfattar vedtektene slik at leiar av rådet er Jostein Ljones som var ordførar i Kvam. Rådsordførar er personleg vald og sit fram til neste val.

HR-sak 53/19 Val av rådsordførar og rådsvaraordførar for perioden 2020-2021

Vedtak:

Til Rådsordførar for 2020-2021 vert vald: Torgeir Næss

Til Rådsvaraordførar for 2020-2021 vert vald: Roald Aga Haug

Møteboka godkjent 12.12.2019.

Hans Petter Thorbjørnsen
Rådsordførar

Rådsmedlem
Solfrid Borge

Rådsmedlem
Jon Larsgard